



Trivselshagen IKS – saksportefølje til eigarmøte og møte i representantskapet i Trivselshagen IKS

Det var kalla inn til eigarmøte og møte i Representantskapet i Trivselshagen IKS, mandag 12. oktober 2020 på Gloppen hotell

Desse deltok:

Frå Representantskapet: Jenny Følling, Katrine Anita Heggelund, Per Jarle Myklebust,

Noralf Distad hadde meldt fråfall, ingen vara møtte

Frå eigarane: Leidulf Gloppestad, Liv Jorunn Tystad, Anders Skipenes (alle Gloppen kommune), og Jan Tore Rosenlund (Vestland fylkeskommune). Desse deltok berre på eigarmøte

Styreleiar Trond Ueland og konstituert dagleg leiar, Espen Bostad deltok også.

Eigarmøte

På eigarmøte vart det orientert om desse sakene:

- Status med omsyn til drift av Trivselshagen
- Selskapsavtalen
- Status knytt til vakant stilling som dagleg leiar
- Økonomi og handlingsrom
- Arbeid med drifts- og leigeavtalar

Eigarane var samde om at selskapsavtalen vert lagt fram til handsaming i kommunestyre og fylkesting saman med forslag til drift- og leigeavtalar. Det føreset god dialog mellom eigarane slik at ein har tid og høve til å spele inn ev merknader til avtale og gjere naudsynte endringar.

Når det gjeld framtidig budsjetthandsaming, ønskjer eigarane eit tydlegare skilje mellom vedlikehald og drift. Det er vidare òg viktig at rollene som eigar og leigar vert tydeleggjort i budsjettarbeidet.

Eigarane har tidlegare peika på behovet for ein eigen eigarstrategi. Dette ønskje vart presisert igjen på møtet. Det er likevel rimeleg at ein ikkje startar dette arbeidet før etter at avtalane er på plass.

Trond Ueland

Referent